

Førstegongshandsaming framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg

Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024

Kommunedirektøren, ved kommunalsjef Mariann J. Hilt, la fram korrigert utrekning for dei ulike framlegga:

Alternativ 1: Presentert i sak: 24 mill. kr korrigert 24,4 mill.kr

Alternativ 2: Kostnadsauke 25,1 mill. kr

Alternativ 3A: Presentert i sak: 59 mill kr korrigert 54,9 mill kr

Alternativ 3B: Presentert i sak: 30 mill. kr korrigert 26,4 mill kr

Alternativ 3C: Presentert I sak: 40 mill kr. korrigert 44 mill kr.

Dei korrigerede tala endrar ikkje kommunedirektøren sine konklusjonar i saksframlegget.

Røysting:

Innstillinga frå kommunedirektøren vart vedteke med 10 røyster mot ei røyst (SV).

Vedtak:

Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024.

Kommunedirektøren, 29.02.2024

Dokumentliste

S	07.12.2023		Utkast til planprogram - Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
U	14.12.2023	Jone Røksund m.fl.	Planprogram - kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg, Stord kommune, høyring
X	14.12.2023		Referat frå møte 14.12.2023
X	14.12.2023		AnnONSE - oppstart av planarbeid
X	18.12.2023		Saksprotokoll Utkast til planprogram - Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
X	09.01.2024		Referat frå møte 8.1.2024
I	09.01.2024	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Fråsegn - offentlig ettersyn - Kommunedelplan - skulestruktur og skuleanlegg - Stord
I	23.01.2024	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	KDP for skulestruktur og og skuleanlegg - fråsegn frå VLFK
X	24.01.2024		Referat frå områdemøte 17.01.2024
X	24.01.2024		Referat frå møte 23.01.2024
I	25.01.2024	FAU og SU Litlabø skule	Innspel kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
I	25.01.2024	FAU Tjødnalio skule	Høyring planprogram - kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg i Stord kommune
I	25.01.2024	FAU- SU Rommetveit skule	Høyringsfråsegn
I	25.01.2024	SU Leirvik skule	Innspel til plandokument høyringsutkast planprogram for kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
I	25.01.2024	FAU Stord ungdomsskule	Merknad - Planprogram - Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
I	25.01.2024	Leirvik skule	Skulestruktur og skuleanlegg
I	25.01.2024	Utdanningsforbundet Rommetveit skule	Merknad til plandokument "Høyringsutkast planprogram for kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg"
I	25.01.2024	Utdanningsforbundet og fagforbundet Litlabø skule	Skulestruktur og skuleanlegg
I	26.01.2024	Johanne Engevik	Merknad til planprogram for kommunedelplan for skulestruktur
I	26.01.2024	Tor Jæger Koppang	Høyring skulebruksplan - Innspel frå Utdanningsforbundet Stord og Fagforbundet Stord/Fitjar
I	26.01.2024	FAU Leirvik skule	Høyringsinnspel til «Utkast til planprogram- Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg» frå FAU Leirvik skule
I	29.01.2024	Vestland fylkeskommune	Uttale til planprogram for KDP skulestruktur i Stord kommune
S	01.02.2024		Planprogram - Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
X	07.02.2024		Referat frå områdemøte 01.02.2024
X	07.02.2024		Referat frå møte 06.02.2024
X	15.02.2024		Saksprotokoll Planprogram - Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg
X	17.02.2024		Vedtatt planprogram
S	25.02.2024		Førstegongshandsaming framlegg til

X 25.02.2024

S 27.02.2024

X 27.02.2024

kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg

Referat frå møte 23.02.2024

Framlegg til rettleiande forskrift om skulekringsgrenser

Høyringsdokument. Framlegg til rettleiande forskrift om kringgrenser

Innleiing (bakgrunn for saka)

Stord kommune er ein kompakt kommune, men har relativt mange grunnskular som til saman gir høge driftskostnadar. Kommunen er i ein svært krevjande økonomisk situasjon og må redusera driftskostnadane vesentleg dei nærmaste åra. Dette samtidig som tal elevar i skulen går ned og fleire av skulane våre har behov for oppgradering.

Kommunestyret vedtok den 30.11.2023 i PS 65/2023 budsjett for 2024 i samsvar med kommunedirektøren si tilråding å vurdere kommunen sin overordna skulestruktur.

Kommunedirektøren vil i denne saka leggja fram alternativ skulestruktur i Stord kommune, då med færre grunnskular enn i dag. Dette i hovudsak for å få ned dei samla kostnadane både til drift, vedlikehald og investering, på kort og lang sikt. Kommunedirektøren vil i saksframlegget ha ein oppsummert presentasjon av alle alternativa medan alternativa vert greidde ut i detalj i høyringsframlegget til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg.

Framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg vert sendt på høyring med høyringsfrist 26.4.24 og mål om handsaming i Utval for oppvekst og kultur og kommunestyret i mai.

Saksutgreiing og vurdering

Planprogram for ny kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg har vore på høyring etter føringane i plan- og bygningslova og vart vedtatt i Utval for oppvekst og kultur 13.02.2024 i PS 2/24. Ny kommunedelplan skal erstatta gjeldande kommunedelplan for skuleanlegg 2019-2027.

Ut frå planprogrammet skal følgjande utgreiingar og vurderingar gjerast:

- Revidera rammene for opplæring, kapittel 2 i gjeldande kommunedelplan
- Barnets beste-vurdering
- Oppdatera elevtal og elevtalsframskrivingar i skulekringsar og område, inkludert prognosar knytt til utbygging av nye bustadområde
- Oppdatera skulane sine vurderingar av kapasitet
- Syna kostnadar til administrasjon og skuleleiing
- Syna kostnadar til drift av dei fysiske skuleanlegga
- Syna kostnadar til planlagt vedlikehald av skuleanlegga
- Greia ut og vurdere ulike løysingar til skulestruktur og presentera ein plan for korleis kommunen kan utvikla berekraftige skuleanlegg og kringgrenser for framtida
- Vurdere tiltak på kort sikt for å effektivisera Stord kommune si skuledrift, inkludert ev. nedlegging av skuleanlegg
- Vurdere moglege investeringar i skuleanlegg på lang sikt, ev. oppretting av nye større skuleanlegg
- Vurdere endringar knytt til skyss og farleg skuleveg
- Vurdere samfunnsøkonomiske konsekvensar
- Vurdere areal/arbeidsplassar til elevar og tilsette

Framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 har sju kapittel; innleiing, rammer, barnets beste-vurdering, berekraftig organisering, no-situasjon og behov, tre alternativ for framtidig skulestruktur og vedlegg til planframlegget. Du finn planframlegget her: [Skulestruktur og skuleanlegg i Stord \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Fleire av grunnskulane har stort behov for vedlikehald og utbetring, samtidig som kommunen har ein krevjande økonomisk situasjon og høge lånekostnader. I samband med kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg er det laga ei oppdatert oversikt over grunnskulane sin kapasitet og vedlikehaldsbehov, jamfør vedlikehaldsplan for skulebygg 2024-2034 med vedlegg.

Barneskulane i sentrum, Leirvik og Langeland, har kapasitetsproblem og gamle bygg. Kommunestyret har vedteke utbetringar på Leirvik og Langeland skular som alle er utsette i påvente av vurdering av ny skulestruktur. Vedtaka er som følgjer: 25.11.21 i PS 47/21 Budsjettedtak pkt. 17, 31.03.22 i PS 12/22, den 12.05.22 i PS 19/22, pkt. 3 og 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, verbalpunkt 25.

Kommunestyret har gjort vedtak om ny rackethall KST 25.11.21 PS 47/21 budsjettvedtak pkt. 14, og OKU gjorde den 03.10.23 PS 14/23 eit oppfølgingsvedtak om vidare utgreiing. Vedtaka er sett på vent. Kommunedirektøren ser det som naturleg at ein vurderer eventuell bygging av ny Rackethall i samband med ei eventuell bygging av ny gymsal/fleirbrukshall ved Langeland skule.

Stord kommune har vore i drøfting med Vestland fylkeskommune om eventuell kommunal overtaking av Stord vidaregåande skule avdeling Saghaugen som utgangspunkt for ny barneskule. I samband med kommunedelplanen vil ein ta stilling til om dette kan verta aktuelt.

Sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser vert lagt fram parallelt med sak om framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg, og begge framlegga vert sende på høyring med plan om handsaming i utval og kommunestyre i mai 2024.

Framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg

Føremålet med skulebruksplanen er ei strukturert tilnærming til bruken og utviklinga av skuleanlegga i kommunen. Planen legg eit rammeverk for korleis skulefasilitetane skal vera organiserte, nytta, halde ved like og utvikla for å møta elevane, lærarane, SFO, skuleleiinga og skuleeigar sine behov. Det vert lagt opp til ei organisering og drift av skulesektoren som er i tråd med kommunen sitt inntektsgrunnlag. Samtidig er det viktig at skulesektoren har ei berekraftig organisering for at skuleeigar/kommune kan gi alle elevane i grunnskulen eit godt og inkluderande opplæringstilbod, samt ei god skulefritidsordning før og etter undervisning.

På generelt grunnlag kan ein seia at arbeidet med ein skulebruksplan handlar om å:

- planlegga korleis skulane sine skuleanlegg skal brukast og forvaltast.
- skapa eit optimalt læringsmiljø for elevane ved å leggja til rette eigna og trygt fysisk miljø som støttar undervisninga og elevane sine behov.
- mogleggjera tilpassing til endringar i elevtal, pedagogiske metodar, teknologi og andre faktorar som kan påverka behovet for skulefasilitetar.
- sikra at ressursane vert brukte effektivt og optimalt, både økonomisk og i forhold til pedagogiske mål.
- sjå framover i tid når det gjeld utvikling og vedlikehald av skuleanlegg og skulestruktur for å sikra at organiseringa av skulane framleis møter behova til skulen og samfunnet den tener.

Stord kommune har i dag ti kommunale grunnskular og 2 561 elevar. Etter dei framskrivingane av folketal og barnetal som ligg føre vil tal elevar bli redusert med mellom 300 og 400 elevar dei neste 10 åra, dette er ein større reduksjon enn det som var lagt til grunn i gjeldande kommunedelplan. Med dette vil også rammeoverføringane frå staten bli

reduerte og kommunen vil framover ha trong for færre elevplassar enn dei me drifrar i dag.

Generelt om økonomi og kostnader i grunnskulane

Stord kommune tildeler ressursar til skuledrift etter ein ressursmodell. Denne modellen reknar ut årsverk til undervisning, tilrettelagt undervisning, skuleleiing og administrasjon etter bestemte kriterium. Tal elevar per klassetrinn, tal vedtakstimar til tilrettelagt undervisning vert lagde inn i modellen. Skulen får også tildelt eit beløp per elev, kalla elevressurs. Denne summen er ramma skulane har til kjøp av materiell, vikarar, tilrettelagt undervisning utanom såkalla store vedtak, etc. Modellen er matematisk ut frå talet på elevar og vedtak. Det einaste unntaket er administrative ressursar som blir tildelt med ein rektor per skule og administrative ressursar frå 0,1 prosent stilling til 1 stilling i tillegg til rektor. Konsekvensen av denne praksisen er at innsparing ved nedlegging av ein skule i hovudsak vil vera ei spart rektorstilling.

På generelt grunnlag kan ein sei at modellen er utfordrande for skulane, spesielt når sjukefråværet har vore høgt og same ramma skal nyttast mellom anna til vikar ved sjukdom, tilrettelagt undervisning, tiltak knytt til enkeltelevar og kjøp av materiell. Skulane opplever i dag at det er krevjande å halda budsjetta. Ei samling i større einingar kan gi ein positiv effekt ved at oppgåver som no blir løyst på to stader, blir løyst på ein stad.

Det største innsparingspotensialet finn ein likevel i strukturkostnader. Straum, vedlikehald, reinhald og forsikring vil bli redusert dersom ein reduserer tal skular. I Stord kommune i dag, har ein eit samla vedlikehaldsetterslep på 38,4 mill. kr av dette er vedlikehaldsetterslepet til barneskulane på 37,2 mill.kr. Planlagt vedlikehald på barneskulane dei neste 10 åra er på 37,6 mill.kr medan det samla planlagde vedlikehaldet er på 39 mill.kr. Samla utgjør vedlikehaldsetterslep og planlagt vedlikehald dei neste 10 åra 74,8 mill.kr for barneskulane. For 2023 kosta det 16,4 mill. kr å drifta barneskulelokala, samt om lag 5 mill. kr i energikostnader og andre mindre kostnader knytt til lokala.

Det er krevjande å koma med korrekte og presise tal når ein skal vurdere situasjonen for skulane framover. Forskjellen på energikostnader frå 2022 til 2023 var på 2,5 mill. kr. Korleis energikostnadane vil endra seg framover er vanskeleg å seia. Det same vil vera krevjande når det gjeld vedlikehald. Stord kommune har som nemnt eit stort vedlikehaldsetterslep. Berekningane i dette vil også vera usikre. Det same vil estimat rundt investeringar vera.

Gitt same totalkostnad som i 2022 og redusert elevtal vil kvar elevplass verta dyrare å drifta dersom me held fram med like mange skulebygg som i dag. Med høge kostnader til bygg og areal vil kostnaden per elev bli høgare og høgare etter kvart som elevtalet går ned. Rammeoverføringane frå Staten vil bli reduserte fordi tal elevar vert redusert. Det vil difor være viktig å leggja til rette for ein effektiv bruk av areal. I 2034 skal samla elevtal i Stord skulane i følgje framskrivingane vera redusert med mellom 300 og 400 elevar i følgje SSB.

Skulestorleik og ev. samanheng med elevane sin trivsel og læring

Dei siste ti åra har det blitt færre og større skular i Noreg. I 2023 var det 2 748 skular. Det er 216 færre grunnskular enn det var for 10 år sidan. Likevel er det 22 000 fleire grunnskule-elevar i dag enn for ti år sidan. Det har vore ein nedgang i tal skular med færre enn 100 elevar, medan tal på skular med 300 elevar eller fleire har auka noko. Noreg har likevel flest skular med mellom 100-300 elevar. Planprogrammet til skulebruksplanen legg opp til at Stord kommune på generelt grunnlag tek stilling til kor store og kor små skular kommunen meiner er tenleg i framtida.

Nyare forskingsinformasjon syner at det som hovudkonklusjon er liten samanheng mellom skulestorleik på skulen og elevane si læring og trivsel i skulen. Det betyr at variasjonar mellom skular i liten grad kan forklarast av skulestorleik aleine når det er kontrollert for andre bakgrunns-variablar og pedagogiske variablar sin betydning for elevane si læring og trivsel. Syner samstundes til rapporten frå Høgskulen i Innlandet frå 2022, omtalt i kapittel 2 i planframlegget.

Revidering av skulestrukturen i Stord omfattar alle dei kommunale grunnskulane i Stord, men endringsforslaga som vert lagde fram i alternativ 1-3, gjeld barnetrinnet og organisering av barneskulane. Stord har nye funksjonelle ungdomsskuleanlegg utan store kostnadar til vedlikehald, dei nye skuleanlegga er og meir energieffektive og rimelegare å drifta enn dei eldre, samtidig som det ut frå elevtalsprognose ikkje er kapasitet, ledige elevplassar, ved ungdomsskulane dei nærmaste 10-15 åra.

PWC skreiv i sin rapport til Stord kommune i 2020 følgjande: "Vi vil anbefale Stord kommune å se på skulestrukturen, med mål om å redusere antall skoler i kommunen. Et slikt tiltak vil imidlertid kreve investeringer i nye bygg, og kommunen bør derfor både ha en langsiktig plan for skulestruktur, og avvente eventuell sammenslåing av skoler til det oppstår behov for å oppgradere noen av dagens skulebygg."


Kjelde: [okonomi-ogeffektiviseringsanalyse.pdf \(custompublish.com\)](#)

Alternativ 0 Vidareføring av dagens skulestruktur

I ein samfunnsøkonomisk analyse skal alltid 0-alternativet vera med for å sikra eit samanlikningsgrunnlag for dei andre alternativa. Nullalternativet skildrar ei framtidig utvikling i fråvær av nye tiltak. Nullalternativet skal vera både levedyktig og valbart, men tilsette og elevar vil kunna oppleva lågare kvalitet i nullalternativet over tid til dømes som følgje av vedlikehaldsetterslep og mangel på ressursar til å oppgradera alle skulebygg. I Stord har me i dag inndeling i tre område, Sagvåg, Nordbygdo og Sentrum. Til saman går 27 prosent av alle elevane i dag på skulane i område Sagvåg, 31 prosent av elevane i område Nordbygdo og 42 prosent av elevane på skulane i område sentrum. Dette er ei fordeling av elevar som har vore over tid.

Dei tre områda har i dag ein del ledig kapasitet, det vil sei ledige elevplassar, syner her til kapittel 5 i framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg. Diagram med elevtalsprognosar for kvar av skulekrinsane, med og utan planlagd bustadbygging, er lagde fram i kapittel 5.1.

I diagrammet under ser ein framskrivne elevtal i 2033 inkludert planlagd bustadbygging.



0-alternativet - kostnad drift, vedlikehald og investering med dagens skulestruktur

Alternativ 0 - ingen endring i dagens struktur	
Kostnader skule henta frå 2023 rekneskap	
Snitt tal elevar	2561
Kostnader per elev	129 506
Erfaringstal skular 2023:	
Samla kostnader, barneskular (ex. skulelokale)	215 357 895
Samla kostnader, ungdomsskular (ex. skulelokale)	91 075 276
Samla kostnader grunnskule	306 433 171
Strukturkostnad	
Drift, reinhald og vaktmeistertjenester	19 366 444
Skulelokale, straum	8 025 788
Skuleskyss	1 629 381
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	- 3 789 219
Sum strukturkostnader	25 232 394
Forventa auke i kostnader:	
Vedlikehaldsbehov (etterslep og planlagt vedlikehald)	7 480 000
Finanskostnader (rente og avdrag)	16 100 000
Sum forventa auke	23 580 000
Samla forventa kostnad skule, dagens struktur	355 245 565
Investeringskostnader	
Nybygg Langeland skule	90 000 000
Nybygg Leirvik skule	140 000 000
Sum investeringsbehov	230 000 000

Dersom ein fortset med dagens skulestruktur, vil det koma auka kostnader i samband med nødvendig vedlikehald og utbetringar. Forventa investeringskostnad for Langeland og Leirvik skule er estimert til 230 mill. kr samla. I forventa kostnader er også lagt inn kostnader til vedlikehald over ein periode på 10 år. Med eit redusert elevtal for dei neste 10 åra som ut frå SSB sine tall er på mellom 300 og 400 elevar, vil kommunen få mindre rammeoverføringar.

Oppsummering av dei ulike alternativa for skulestruktur

Alternativ 1 - kostnad drift, vedlikehald og investering

Utgreiinga sitt alternativ 1 foreslår følgjande skulesamansetjing:

Alternativ 1: To barneskular i kvart område		
Område	Kommunale grunnskular som vert vidareførte	Endring
Sagvåg	Tjødnalio skule Sagvåg skule Nysæter ungdomsskule	Litlabø skule vert lagd ned og elevane får elevplass ved Tjødnalio, Sagvåg og Leirvik skular i tråd med framlegg til rettleiande forskrift om nye kringsgrenser.
Nordbygdo	Hystad skule Rommetveit skule Nordbygdo ungdomsskule	
Sentrum	Langeland skule Leirvik skule Stord ungdomsskule	

Alternativ 1 skisserer ei løysing der me held fram med to barneskular i område Nordbygdo og i område Sentrum, med endringsforslag der Litlabø skule vert lagd ned og elevane som i dag går på Litlabø skule vert fordelte på Tjødnalio, Sagvåg og Leirvik skular.

Elevane i Litlabø skulekrins vil ved nedlegging av Litlabø skule få Sagvåg skule som sin nærskule etter opplæringslova. Dette med unntak av nokon få elevar i Litlabøvegen som vil få Leirvik skule som sin nærskule. Dette betyr at alle elevane frå Litlabø skulekrins i utgangspunktet vil ha nærskulerett til Sagvåg skule. Dersom ein legg ned Litlabø skule vil det i åra framover ikkje vera kapasitet til alle dei elevane med Sagvåg skule som sin nærskule på Sagvåg skule. Etter Utdanningsdirektoratets vurdering blir det først aktuelt å legge vekt på kapasitet når det kan dokumenterast at ein skule er full. Sagvåg skule er vurdert å ha plass til 165 elevar og kommunedirektøren vurderer at det kan vera lovleg å senda elevar til annan skule enn den som ligg nærmast om nærskulen er full. Dette både i enkeltsaker og gjennom forskriftsregulering. For vidare utgreiing vert det synt til sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser som vert lagt fram parallelt med sak om framlegg til kommunedelplan for skulestruktur.

Alternativ 1 - Nedlegging Litlabø	2025	2029	2034
Skuledrift (basert på ressursmodell)			
Tal elevar dagens struktur:			
Snitt tal elevar Litlabø	103	97	86
Snitt tal elevar Sagvåg skule	143	134	121
Snitt tal elevar Tjødnalio	224	212	189
Samla elevtal	470	443	396
Antatt elevtal ny struktur:			
Snitt tal elevar Sagvåg skule	165	165	165
Snitt tal elevar Tjødnalio	305	278	231

Samla elevtal	470	443	396
Reduksjon lønn administrative ressursar	- 1 198 030	- 1 145 210	- 1 062 159
Sosiale kostnader	- 303 700	- 290 311	- 269 257
Sum kostnadsendring lønn	- 1 501 730	- 1 435 521	- 1 331 417
Strukturkostnad – endring			
Drift, reinhald og vaktmeistertenester	- 740 056	- 740 056	- 740 056
Skulelokale, straum	- 355 542	- 355 542	- 355 542
Vedlikehald	- 1 325 000	- 1 325 000	- 1 325 000
Auka driftskostnader pga. auka areal	95 000	95 000	95 000
Skuleskyss	140 811	133 048	118 385
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	541 317	541 317	541 317
Finanskostnader (rente og avdrag)	630 000	630 000	630 000
Sum endring strukturkostnader	- 1 013 470	- 1 021 233	- 1 035 896
Samla kostnadsendring	- 2 515 200	- 2 456 754	- 2 367 313
Investeringsbehov			
Utbetring av garderober og lærararbeidsplassar Tjødnalio	9 000 000	estimat	

Tala som syner fordeling av elevar mellom skulane Sagvåg, Tjødnalio og Leirvik oppgitt i tabellen er estimat og vil ikkje vera heilt nøyaktige i denne fordelinga.

Sparte lønnskostnadar vil vera knytt til administrative ressursar med om lag eitt årsverk. Alternativ 1 vil medføra noko behov for investeringar i fleire arbeidsplassar til lærarar og SFO-tilsette, samt utviding av garderobe-tilhøva for dei vaksne. Tala vil her og vera estimat fram til ein veit kor mykje som må gjerast og kva det vil kosta. Det er lagt inn midlar i kostnadsoverslaget til dette.

Når det gjeld drift, reinhald, vaktmeistertenester, straum og vedlikehald, er dette den reduksjonen ein vil oppnå ved å leggja ned Litlabø. Ved eit tilbygg på Tjødnalio vil ein få noko auke i vedlikehaldet her på grunn av større areal.

Rammetilskotet som blir gitt per skule er politisk bestemt av sitjande regjering. Dette tilskotet kan bli endra og vil vera ein faktor berre så lenge ordninga er slik den er no. Renter og avdrag vil avhenga av investeringskostnad og rentekostnad. I modellen har me brukt 50 års nedbetalingstid og 5% rentekostnad.

Tabellen syner ein mogleg årleg innsparing på rundt 2,4 mill. kr dersom ein legg ned Litlabø skule. For den neste 10 års perioden vil innsparinga målt mot dagens alternativ vera vel 24 mill.kr.

Det er ikkje vurdert anna bruk, eller eventuelt sal av eigedomen ved ev nedlegging av skulen. I ei eventuell prisvurdering av skuletomta på Litlabø, som er på 7 600 m², må ein og trekkja frå eventuelle rivningskostnader.

Framlegg til reviderte rettleiande kringsgrenser

Sak om framlegg til rettleiande forskrift om kringsgrenser vert lagt fram parallelt med denne saka. Begge framlegga vert sende på høyring med plan om handsaming i utval og kommunestyre i mai 2024. Nye rettleiande kringsgrenser mellom skulane bør vedtakast dersom Litlabø skule vert lagt ned slik at det vert ei føreseieleg fordeling av elevar til Tjødnalio, Sagvåg og Leirvik skular. For informasjon om detaljert utgreiing om kringsgrenser vert det synt til framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser, samt reviderte rettleiande kringsgrenser.

Skuleskyss

For informasjon om føringar for, og antatt tal elevar med rett til skuleskyss dersom alternativ 1 vert gjennomført, vert det synt framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser, samt reviderte rettleiande kringsgrenser.

Trafikksikringstiltak bør gjerast på veg til/frå Tjødnalio barnehage og skule.

Alternativ 2 - kostnad drift, vedlikehald og investering

Utgreiinga sitt alternativ 2 føreslår følgjande skulesamansetjing:

Alternativ 2: To barneskular i område Sagvåg, ein barneskule i Nordbygdo og to barneskular i område Sentrum		
Område	Kommunale grunnskular som vert vidareførte	Endring
Sagvåg	Tjødnalio skule Sagvåg skule Nysæter ungdomsskule	Litlabø skule vert lagd ned og elevane får elevplass ved Tjødnalio og Sagvåg skular i tråd med framlegg til rettleiande forskrift om nye kringsgrenser.
Nordbygdo	Hystad skule Nordbygdo ungdomsskule	Rommetveit skule vert lagd ned og elevane får elevplass ved Hystad skule i tråd med framlegg til rettleiande forskrift om nye kringsgrenser.
Sentrum	Langeland skule Leirvik skule Stord ungdomsskule	

I alternativ 2 vert det skissert ei løysing med to barneskular i sentrum, to barneskular i område Sagvåg og ein i område Nordbygdo, samt ein ungdomsskule i kvart område.

I oppstillinga over økonomiske konsekvensar inneheld tabellen for alternativ 2 berre konsekvensar av nedlegging av Rommetveit. Tal for nedlegging av Litlabø er presentert i alternativ 1.

Alternativ 2 - Nedlegging av Rommetveit	2025	2029	2034
Skuledrift (basert på ressursmodell)			
Tal elevar dagens struktur:			

Snitt tal elevar Rommetveit	238	225	202
Snitt tal elevar Hystad	303	287	255
Samla elevtal	541	511	457
Antatt elevtal ny struktur:			
Snitt tal elevar Hystad	541	511	457
Reduksjon lønn administrative ressursar	- 1 183 270	- 1 166 727	- 1 281 425
Sosiale kostnader	- 299 959	- 295 765	- 324 841
Sum kostnadsending lønn	- 1 483 229	- 1 462 492	- 1 606 266
Strukturkostnad – endring			
Drift, reinhald og vaktmeistertjenester	- 1 645 979	- 1 645 979	- 1 645 979
Skulelokale, straum	- 610 754	- 610 754	- 610 754
Vedlikehald	- 1 020 000	- 1 020 000	- 1 020 000
Auka driftskostnader pga. auka areal	909 606	909 606	909 606
Skuleskyss	53 981	51 035	45 642
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	541 317	541 317	541 317
Finanskostnader (rente og avdrag)	5 810 000	5 810 000	5 810 000
Sum endring strukturkostnader	4 038 171	2 952 591	2 947 198
Samla kostnadsending	2 854 901	1 785 864	1 665 773
Investeringsbehov			
Tilleggsbygg Hystad	83 000 000	estimert	

Område Nordbygdo skal utifrå elevtalsprognosane ha i overkant av 100 færre elevar om ti år enn det dei har i dag, dette inkludert ungdomsskulen. Hystad skule har ikkje elevplassar til alle elevane i område no, heller ikkje i nær framtid. Dette utan at skulen vert bygt ut eller anna alternativt lokale til elevplassar. Ei gjennomføring av alternativ 2 vil medføra ein investering som per i dag er estimert til 83 mill. kr. Renter og avdrag for ei så stor investering vil vera større enn kostnadsreduksjonen ein kan få ved sparte ressursar og reduserte driftskostnader. Dersom dette alternativet blir utsett i tid vil truleg investeringsbehovet bli redusert.

Framlegg til reviderte rettleiande kringsgrenser

Sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser vert lagt fram parallelt med denne saka. Begge framlegga vert sende på høyring med plan om handsaming i utval og kommunestyre i mai 2024. Ved nedlegging av Rommetveit skule vil kommunedirektøren sitt forslag vera at

skulekrinsgrense mellom Rommetveit og Hystad skule fjernast. Elevar som i dag soknar til Rommetveit skule, vil etter ny krinsgrense sokna til Hystad skule.

For detaljert utgreiing om krinsgrenser vert det syn til framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande krinsgrenser, samt reviderte rettleiande krinsgrenser.

Skuleskyss

Kva utslag nedlegging av Rommetveit skule vil få i høve utgifter til skuleskyss er usikre. Om ein legg til grunn dagens tal og fordeling av elevar innanfor Rommetveit skulekrins, vil ein ved nedlegging av skulekrins ikkje få auka utgifter totalt sett. Mogleg vil utgifter verta redusert.

For informasjon om føringar for, og antatt tal elevar med rett til skuleskyss dersom alternativ 2 vert gjennomført, vert det synt framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande krinsgrenser, samt reviderte rettleiande krinsgrenser.

Trafikksikringstiltak bør vurderast på veg til/frå Hystad skule dersom skulen får eit elevtal ut over det den har i dag.

Alternativ 3 - kostnad drift, vedlikehald og investering

Utgreiinga sitt alternativ 3 føreslår følgjande skulesamansetjing:

Alternativ 3: To barneskular i område Sagvåg, to barneskular i område Nordbygdo og ein barneskule i område Sentrum		
Område	Kommunale grunnskular som vert vidareførte	Endring
Sagvåg	Tjødnalio skule Sagvåg skule Nysæter ungdomsskule	Litlabø skule vert lagd ned og elevane får elevplass ved Tjødnalio og Sagvåg skular i tråd med framlegg til rettleiande forskrift om nye kringsgrenser.
Nordbygdo	Hystad skule Rommetveit skule Nordbygdo ungdomsskule	
Sentrum	Langeland skule Stord ungdomsskule	Leirvik skule vert lagd ned og elevane får elevplass ved Langeland skule og/eller ved Hystad skule i tråd med framlegg til rettleiande forskrift om nye kringsgrenser.

Dersom Leirvik skule vert lagt ned vil elevane ha sin nærskule på Langeland eller Hystad skule. Sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser vert lagt fram parallelt med sak om framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg, og begge framlegga vert sende på høring med plan om handsaming i utval og kommunestyre i mai 2024. Reviderte rettleiande kringsgrenser syner tre ulike moglege kringsgrenser for Hystad og Langeland skule dersom Leirvik vert lagt ned. Kringsgrensene er delt inn i tre alternativ, Alternativ A, B og C, desse alternativa har ein og gått ut frå ved utrekningane i tabellane under.

	Alternativ A		
Alternativ 3 - Nedlegging av Leirvik	2025	2029	2034
Skuledrift (basert på ressursmodell)			
Tal elevar dagens struktur:			
Snitt tal elevar Langeland	375	356	317
Snitt tal elevar Hystad	303	287	255
Snitt tal elevar Leirvik	335	316	282
Samla elevtal	013	1 958	854
Antatt elevtal ny struktur:			
Snitt tal elevar samanslått Langeland	551	520	464
Snitt tal elevar samanslått Hystad	463	438	390
Differanse	- 1 360 576	- 1 330 615	- 1 187 924
Sosiale kostnader	- 344 906	- 337 311	- 301 139

Sum kostnadsendring lønn	- 1 705 483	- 1 667 926	- 1 489 063
Strukturkostnad - endring			
Drift, reinhald og vaktmeistertjenester	- 2 320 894	- 2 320 894	- 2 320 894
Skulelokale, straum	- 1 316 103	- 1 316 103	- 1 316 103
Vedlikehald	- 1 280 000	- 1 280 000	- 1 280 000
Auka driftskostnader pga. auka areal	1 533 672	1 533 672	1 533 672
Skuleskyss	418 125	395 596	352 381
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	541 317	541 317	541 317
Finanskostnader	- 1 425 000	- 1 425 000	- 1 425 000
Sum endring strukturkostnader	- 3 848 883	- 4 954 046	- 4 997 261
Samla kostnadsendring	- 5 209 460	- 6 284 661	- 6 185 185
Investeringsbehov			
Ny skule Langeland A	105 000 000		
Tilleggsbygg Hystad	36 000 000		
Spart investeringskostnad	- 140 000 000		
Salg av Leirvik skule	- 20 000 000		
Netto investeringskostnad	- 19 000 000		

	Alternativ B		
Alternativ 3 - Nedlegging av Leirvik	2025	2029	2034
Skuledrift (basert på ressursmodell)			
Tal elevar dagens struktur:			
Snitt tal elevar Langeland	375	356	317
Snitt tal elevar Hystad	303	287	255
Snitt tal elevar Leirvik	335	316	282
Samla elevtal	1 013	958	854
Antatt elevtal ny struktur:			
Snitt tal elevar samanslått Langeland	671	634	565

Snitt tal elevar samanslått Hystad	343	325	289
Samla elevtal	1 013	958	854
Differanse	- 1 505 162	- 1 698 989	- 1 281 693
Sosiale kostnader	- 381 558	- 430 694	- 324 909
Sum kostnadsendring lønn	- 1 886 720	- 2 129 683	- 1 606 603
Strukturkostnad - endring			
Drift, reinhald og vaktmeistertjenester	- 2 320 894	- 2 320 894	- 2 320 894
Skulelokale, straum	- 1 316 103	- 1 316 103	- 1 316 103
Vedlikehald	- 1 280 000	- 1 280 000	- 1 280 000
Auka driftskostnader pga. auka areal	1 939 644	1 939 644	1 939 644
Skuleskyss	418 125	395 596	352 381
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	541 317	541 317	- 541 317
Finanskostnader	1 275 000	1 275 000	1 275 000
Sum endring strukturkostnader	- 742 911	- 1 848 074	- 1 891 289
Samla kostnadsendring	- 2 248 073	- 3 547 063	- 3 172 982
Investeringsbehov			
Ny skule Langeland B	177 000 000		
Spart investeringskostnad	- 140 000 000		
Salg av Leirvik skule	- 20 000 000		
Netto investeringskostnad	17 000 000		

	Alternativ C		
Alternativ 3 - Nedlegging av Leirvik	2025	2029	2034
Skuledrift (basert på ressursmodell)			
Tal elevar dagens struktur:			
Snitt tal elevar Langeland	375	356	317
Snitt tal elevar Hystad	303	287	255
Snitt tal elevar Leirvik	335	316	282
Samla elevtal			

	1 013		958	854
Antatt elevtal ny struktur:				
Snitt tal elevar samanslått Langeland	636	603		535
Snitt tal elevar samanslått Hystad	377	355		319
Samla elevtal	1 013		958	854
Differanse	- 1 514	- 1 405	- 1 453	
	165	745	537	
Sosiale kostnader	- 383	- 356	- 368	
	841	356	472	
Sum kostnadsendring lønn	- 1 898	- 1 762	- 1 822	
	006	101	009	
Strukturkostnad - endring				
Drift, reinhald og vaktmeistertenester	- 2 320	- 2 320	- 2 320	
	894	894	894	
Skulelokale, straum	- 1 316	- 1 316	- 1 316	
	103	103	103	
Vedlikehald	- 1 280	- 1 280	- 1 280	
	000	000	000	
Auka driftskostnader pga. auka areal	- 1 714	- 1 714	- 1 714	
	104	104	104	
Skuleskyss	- 418	- 395	- 352	
	125	976	581	
Rammetilskot per skule (fråfall ved nedlegging)	- 541	- 541	- 541	
	317	317	317	
Finanskostnader	- 300	- 300	- 300	
	000	000	000	
Sum endring strukturkostnader	- 2 543	- 2 565	- 2 608	
	451	600	995	
Samla kostnadsendring	- 4 057	- 3 971	- 4 062	
	616	345	532	
Investeringsbehov				
Ny skule Langeland C	156 000			
	000			
Spart investeringskostnad	- 140 000			
	000			
Salg av Leirvik skule	- 20 000			
	000			
Netto investeringskostnad	- 4			
	000 000			

I alternativ 0, behalda dagens struktur, ligg det ein investeringskostnad på Leirvik skule på 140 mill. kr. Dette er ei investering som ikkje vil vera nødvendig dersom ein legg ned Leirvik skule. Alle alternativa som er presenterte, viser endring samanlikna med alternativ 0. Det vil sei at ei investering som det ikkje vil bli behov for, ligg med ein negativ investerings-kostnad. Ein vil i tillegg kunna selja tomta dersom ein skal leggja ned skulen. Ein takst frå 2018 for Leirvik skule er på 18 mill. kr. Ein har i tabellane nytta 20 mill. kr som antatt inntekt ved sal. Alle tala er estimat, og må difor brukast slik. Innleingsvis i denne saka står det og at det kan verta aktuelt å sjå bygging av ny rackethall og ny gymsal/ fleirbrukshall ved ein eventuelt ny Langeland skule i samanheng. Ei slik investering som då ikkje vil vera nødvendig, eller som vil verta redusert, er det ikkje tatt høgd for i tabellen.

Ved alternativ 3 A, vil elevtalet på Hystad skule overstiga dagens kapasitet. Det er difor lagt til ein investeringskostnad med tilbygg på Hystad ved dette alternativet.

Dersom ein vel alternativ 3A, vil ein for den neste 10 årsperioden kunna ha ei innsparing målt mot dagens alternativ på nær 59 mill. kr, medan ein med alternativ 3B vil kunna ha ei innsparing på 30 mill. kr for den neste 10 årsperioden og med alternativ 3C vil ein for den neste 10 årsperioden kunna ha ei innsparing målt mot dagens alternativ på vel 40 mill. kr.

Framlegg til reviderte rettleiande kringsgrenser

Sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser vert lagt fram parallelt med denne saka. Begge framlegga vert sende på høyring med plan om handsaming i utval og kommunestyre i mai 2024. Nye rettleiande kringsgrenser mellom skulane bør vedtakast dersom Leirvik skule vert lagt ned slik at det vert ei føreseieleg fordeling av elevar til Langeland og Hystad skular. For informasjon og detaljert utgreiing om kringsgrenser vert det synt til framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser, samt reviderte rettleiande kringsgrenser.

Skuleskyss

For informasjon om føringar for, og antatt tal elevar med rett til skuleskyss dersom alternativ 3 vert gjennomført, vert det synt til framlegg til Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg 2024-2034 og sak om framlegg til rettleiande kringsgrenser, samt reviderte rettleiande kringsgrenser.

Vurdering

Stord kommune er ein kompakt kommune, men har relativt mange grunnskular som til saman gir kostnadskrevjande drift. Kommunen er i ein svært krevjande økonomisk situasjon og må redusera driftskostnadane vesentleg dei nærmaste åra. Dette samtidig som tal elevar i skulen går ned og fleire av skulane våre har behov for oppgradering.

Kommunedirektøren har i denne saka lagt fram tre alternative løysingar for ny skulestruktur, der alternativ tre har tre moglege kringsgrenser. Eit fjerde alternativ er å gjennomføra alle, eller fleire av alternativa, men då som ein stegvis plan over fleire år framover.

Kommunen er i ein svært krevjande økonomisk situasjon og må redusera driftskostnadane vesentleg dei nærmaste åra. Dette samtidig som tal elevar i skulen går ned, rammeoverføringane frå staten vert reduserte, det vert trong for færre elevplassar og fleire av skulane våre har behov for oppgradering. Kommunedirektøren ser ikkje at dette let seg løysa innanfor den skulestrukturen me har i dag. Skal kommunen lukkast med å handtera demografiendringane (færre barn og fleire eldre), vil ein av suksessfaktorane vera at me klarer å tilpassa kostnadar og ressursbruk.

Oppsummert kan ein seia at Stord kommune har behov for ei organisering av grunnskulane med drift av færre elevplassar/grunnskular enn me har i dag og at einingane vert meir robuste for å legga til rette for og gjennomføra eit berekraftig skuletilbod for alle elevar der dei i størst mogleg grad når måla for opplæringa. Korleis dette let seg gjera, er eit viktig spørsmål i vurdering av tal grunnskular kommunen skal ha.

Konklusjon, alternativ tilråding

Kommunedirektøren rår til at Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024

Plan for gjennomføring

Kommunedirektøren handsamar innspela og legg fram sak om revidert kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg til Utval for oppvekst og kultur 14.5.2024.

Utval for oppvekst og kultur gjer si innstilling og revidert Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg vert handsama i kommunestyret 30.5.2024.